

BY OG BYGDE : norske folke museums  
arbøle 1954. Årg. 9.

ske og svenske sølvsmeder vi har funnet frem til under undersøkelsene i Østfold og Akershus, rent forholdsvis sett gir et sannsynlig bilde av situasjonen.

Selv om vi vel ikke har nådd frem til alt, gir det vi er kommet over, en rimelig representasjon.

Hva kvaliteten av de danske og svenske arbeider som er bevart hos oss, angår, kan vi uten beskjedenhet fastslå at de står fullt på høyde med hva der i våre naboland i dag er bevart av gamle hjemlige arbeider. Det var ingenlunde de ringreste stykkene som kom hit til «provinsen». Den store utstilling av gammelt dansk sølv på Det Danske Kunstmuseum våren 1953, hvor en rekke av de gjenstander som er nevnt i denne artikkelen var med, viste til fulle at de norske storgårdene endog var i besiddelse av flere av utstillingens toppstykker.

Om enn våre storgårder i omfang og i «kvantitetten av prakt» må tre beskjedent tilbake for slott og herregårder i Danmark og Sverige — så er kvaliteten i full orden. Storgårdenes gamle eiere visste å følge med i tiden. Det de hadde å skilte med, var godt nok. Spredt utover et stort og underlig sammensatt land var hver av disse gårdene små ambassader for den store vesteuropæiske felleskultur. Derfor forbauer det oss ikke at så vidt meget dansk og svensk sølv ennå finnes hos disse gamle familiene — og det gleder oss at vi har fått anledning til å finne frem til det — og presentere det her.

November 1953.

EIVIND S. ENGELSTAD

FORKORTELSER

Bøje = Chr. A. Bøje, Danske guld- og sølvmedaljører før 1870. København 1946.  
Tillag til do. København 1949.

Upmark = Gustaf Upmark, Guld- och silvermedaljörer i Sverige 1520—1850. Stockholm 1925.



HEST OG MANGLETRÉ

T RADISJONEN har støtt vore sterkt i bygdene våre. Ein kan likna han med siget i ein robåt: Så lenge som båten er i gang, verkar det til å drive båten fram sjølv om den skifrar kurs. Men tradisjonen tømmer saman med andre viktige element i bygdekulturen vår, — det nye som trengjer på utanfrå. Og i dette møtet mellom gammalt og nytt veks bygdeserdraget fram.

Det seier seg sjølv at den som likar å sysla med bygdekunst, må vera serleg interessert i dei framande impulsane og korleis dei når bygdene. Emnet har vore mykke framme i diskusjonen. Ingen er lenger i tvil om at bygdekunsten vår er påverka av dei ymse europeiske motestilane, og det har vore peika på den store rolla laugshandverket har spela i dette stykket.

Laugskunsten og byhandverket i det hele er ein umåteleg viktig spreidar av kulturimpulsar, slik at vi finn same stil spreidd over mange land. Men kan det ikkje tenkast at nye møter kan breia seg over svære område utan at laugskunsten og byane er formidla? Det kan vera

Fig. 1. Hest på mangletre av bøk dekorert med karveskurd. (NF 314-22.)

ein tanke å sjå litt nøyare på dette. Det gjeld då om å finna eit materiale som både er så rikt at vi kan dra generelle slutsnittar av det, og så karakteristisk at det kan avgrensast klårt når det gjeld utbreiing. Det må også vera så serprega at det skil seg ut frå anna, og helst skal vi kunne finna så mange årstal slik at vi kan fylgja utviklinga i tida.

Mangletraa med karveskurd på høver framifrå godt og dekker alle dei krava som er stilt ovenføre. Niels Georg Heine<sup>1</sup> seier treffande at «Maaske kan man sammenligne Manglebrætternes Rolle inden for Folkekunsten med den Bøylenaalene spiller i Arkæologien. De kan fungere som den faste Bærerad i Kronologien».

Manglerreet eller manglebrettet er ei fjøl, med eller utan handtak, og dei nyrra det til å rulla lントøy med. Tøyet vart sveipt fint opp på ein rund stokk og lagt på eit jamt underlag. Så la dei manglerreet oppå og skauv slik at stokken med tøyet rulla att og fram. Ennå står der i mange

Der er mange slag manglebrett, og hadde det vore meinings å drøfta bruken av dette reidskaper, måtte heile det mangslungre materialet grupperast. Som det nå er, ser vi bort fra manglebreets historie, og tek berre med dei formene som kan tena til å klærlegga korleis ein impuls

Mellan dei mangletrea som er pryda med geometrisk karveskurd, er der nokre som er laga av bøk (fig. 2). Dei er ofte sers godt laga med sikker skorens dekor. Dei har rette sider, dei fleste er nokko breiare oppe enn nede ved haldet, men der er også mange som er rektaangulære. Stort sett er dei 60—75 cm lange og 10—15 cm breie. Haldet er til vanleg ein breier seg.

Ornamentikken på desse bretta er tydeleg prega av passaren. Deri skil den seg sterkt ut frå den gamle karveskurdens som ber på heimlege tradisjonar frå mellomalderen. Når ein leikar seg med passaren kjem det fram ymse vakre mønster som mest gir seg av seg sjølv trass i det at dei kan vera merkeleg innflykte.

Den enkleste forma er *6-bladrosa*, (fig. 3) som kjem fram på den måten at passaren vert sett i periferien, og med sirkelens radius står ein bogar inne i sirkelen, men slik at ein alltid flytter passarspissen dir den nyslegne sirkelen skjer den fyrste. På denne måten kjem det fram ei vakkert *6-bladrosa*. Sårr vi perfiserirklane heilt, men flytter passaren som ved *6-bladrosa*, får vi ei stor *6-bladroso* med ei mindre inni. Denne kunne vi kalla *stor 6-bladrose* (fig. 4). Fyller vi ut alle periferisirklane på den måten vi laga *6-bladrosa*, får vi det vi kan kalla ei *dobbelt 6-bladroso* (fig. 5). Dette rosene



Fig. 2. Manglerør. Til venstre mangletre av bjørk, norsk arbeid med tradisjonsprega ornamentikk der motiva ikke dekker flaten heilt. Bruken av passaren er ikke dominerende (NFM 250-00). Det neste er heimført frå frisisk område. Typisk for hollandske og frisiske manglerør er dei 6 kulene for frenne enden. Halder borkome. (NFM 1304-22.) Til høgre for det eit norsk mangletre som etterliknar stilten i dei importerte mangletrea. (NFM 1444-23.) Lengst til høgre eit importert mangletre av bok. Legg merke til det ene tøme innskriffeltet. (NFM 1442-23.)

er sers vanlege på dei manglebretta som er av bæk og har karveskurd. Med desse som utgangspunkt kan ein laga ei mengd variantar. Den vanlegaste er den figuren Lexow kallar «Olavstrotta»<sup>2</sup> (fig. 6). Då lagar ein fyrrst ei stor 6-bladro, og med passar spissen i skieringspunktet mellom yttersirklane slår ein hogestykke inne i den fyrste sirkelen. På det viset kjem det fram ein figur som kan minna om tri 8-tal inni kvarandre. Treskierane understreka for det meste dette inntrykket av flerkvert ved å



Fig. 3. Seksbladrose. (NF 1129-22.)

laga entre-lacmønster i skjeringstaden. Ein slår ein sirkel, og med same radius og passarspissen langs periferien slår ein bogar inn mot sentrum. På dette viset kjem «vindrosa» eller «kværvelosa» fram (fig. 4).

Ved sida av desse mønstera, som kan konstruerast så lettint at dei mest gjer seg sjølv, er der nokre der ein berre kjem eit stykke på veg med mekanisk passarbruk. Brukar vi både passar og linjal, ligg den *innskrivene* firkanten snublende nær, derom vi arbeider på slump (fig. 7). Men arbeidar vi mekanisk med passar og linjal, lagar vi kanhende først den *innskrevne* 6-taggstjerna (fig. 8), som kjem fram på det viset at vi dreg kordar mellom kvartanna av dei punkta som kjem fram når vi merker av med radien langs periferien av ein sirkel. Den ferdige figuren ser ut som to likevida triangel trende inni kvarandre.

Dei figurane som her er nemnde, or dei som så å seia ber stilien avdi dei er så elementære. Der er ei mengd andre, som *pentagram*, *sjuetaggstjerner*, *attetaggstjerner*, *4-bladroser*, *8-bladroser*, *12-bladroser*, *strieltettjerner* og den interessante *naturkroza* (fig. 9) som stort sett varierer eit motiv laga av bogar som ein slår over to diagonalar som skjer kvarandre i rett vinkel. Vidare kjenner vi ei rose der utgangspunktet er som for Olavrosa, men endane av ytterbogane vender attende i ein krull. Vi kunne kalla den *krullerosa* (fig. 10). Men dei figurane som her er nemnde, finn vi berre ender og gong som brigde mellom dei andre.

Skurden får sin serlege karakter av den måten den er laga på. Med eit jarn eller ein kniv kan ein skjera eller hogga inn små skråsnitt i den




Fig. 4. Stor seksbladrose. Her er ei kværvelose i midten i staden for den seksbladrosa som vanlegvis er der. (NF 690-48.)

plane flata, slik at det vert skore ut kileforma gropar som fyller flata tett i tett på ein slik måte at mønsteret kjem fram.

Grunnlaget for denne drøftinga er 114 mangletre av bok med karvenskurd. Dei er alle i sunnanfjeldske museer. Desse bokmangletrea er ikkje koncentrerte om noko geografisk sentrum her i landet. Om dei fleste veit vi ikkje ein gong kvar dei er frå. Dei vart kjøpte til samlingane i ei tid då sansen for det merkverdige og det kunstnarlege var så sterkt at det hende at museumsfolk gløynde å spørja etter kvar tingens opphavelag høyrde heime. Mange er kjøpte i byane, men dit kan dei vera komme med




Fig. 5. Dobbelt sekksbladrose. (NF 299-20.)

oppkjøparar eller kuriositetsjegarar, så proveniensen er ikkje pålitande. Ein ting er sikkert, og det er at det er svært få av dei som er komne frå dei store dalane inne i landet. Dei som er komne til musea frå bygdene, er stort sett frå strok som ligg noko nære sjøen, og då serleg kyststroka langs Sørlandet og sør luten av Vestlandet.

Den tingen at dei er laga av bøk, er ikkje uvesentleg. Bøken er ikkje noko vanleg tre i Norge. Den krev noko varmara klima for å trivast enn det vi har. I Danmark og sørøst etter finn vi dei store bøkeskogane, men det har vaks opp her i landet heilt sidan vikingetida, så materialet kan vera norsk.<sup>3</sup> Bøken veks nedetter Sørlandsstyken til Grimstadkanten, og så er der ein klatt skog ved Bergen, men bortsett frå eit par strader er det mest småvaksen risbøk. Hadde desse manglerrea hatt preg av å vera laga i serie på ein eller eit par stader, kunne ein tru at det var norsk bøk som var nytt. Men materialet er noko for variert og for lite til dette. Det




Fig. 6. Olavros. (NF 1700-06.)

verkar som det byr på typiske slengarar frå eit rikare distrikt der spesialarbeidrarar har laga mengder av slaget. Det er ingen koncentrasjon av manglerre av bøk korkje i Larviksdistriket eller ikring Bergen, og andre strader kan snaut koma på tale. Bøken byr ikkje på så store føremunner for karveskurd at det skulle vera nokon grunn til å importera materiale all den stund bjørk kan nyttast nesten like bra.

Det er altså ein viss grunn til å tro at desse manglerrea av bøk er importsaker. Er dei innførte, må det ha vore ein import som har hatt visse dimensjonar.

Er det andre ting som tyder på at dette er importsaker? Ja, mellom dei skilde geometriske ornamenta er det band for innskrifter. Bokstavane i desse innskriftene er vanlegvis så dårleg laga at dei snaut kan vera skorne av den same som karva dekoren. Sume har innskrifteikn som tyder på at den som laga dei, rett og slett ikkje kunne bokstavane, og




Fig. 7. Innskriven firkant. Legg merke til dei tote innskriftbanda. (NF 841-19.)

stavemåten er av og til bortom alle land. Men det interessante er at innskriftbanda er i mange tilfelle heilt tote. Mangletrea er altså skorne av folk som ikke visste kven som skulle ha dei.

Men kvar skulle dei då vera laga? Skurden har lite å gjera med den tradisjonsprega karveskurdene vi har her i landet frå mellomalderen av. Det er ein heilt ny stil vi møter med eit avgjort serpreg. Den gamle skurden i den form den levde vidare i bygdemiljøet, fall liksom frå kvar andre i einskilde tekna, gjerne magiske, og blanda opp med valknutar og anna som ikkje vart konstruert med passar og linjal. Den nye karveskurdene som bryt inn, er småskoren, dekker flatene og er sterkt prega av passarbruk. Ein karveskurd som minner om den vi har her, finn vi mest i alle dei stroka som grenser til Nordsjøen. Men følger vi skurden baketter, ser vi at det er Holland som er arnestaden. Alt i slutten av




Fig. 8. Sekstraggstjerne. (NF 1770-06.)

1500-åra finn vi denne fine karveskurdun på frisiske mangletre. I Frijs Museum i Leeuwarden er eit mangletre med innskrift «1592 VREEST GOD ENDE HOWT SIN GEBOT» (nr. 850 A). Mangletreet har både 6-blad- og dobbelt 6-bladrose og kvervelrose. Frå Rijksmuseum i Holland nemner C. E. Peelen eit mangletre dat. 1566, men det har eg ikkje sjølv sett. Men denne stilien er ingen nyskaping. Det er motestilen fra 1400-åra som her lever vidare og får ein slags renessanse. Sidan breider

denne stilene seg austetter, serleg imot slutten av 1600-åra, og då vert den nyttar langsetter heile det frisiske området og opp i Danmark. Det interessante for vårt syn på dette er at denne karveskuden levde på sida av dei mestilane som på denne tida dominerte laugskulsten. Vi kunne venta oss at Cornelis Floris's rullverk, Vredeman de Vries's beslagverk-ornamentikk og karyatider og Kleinmeisters ornamentikk fra mønsterbøkene skulle dominert skurden på manglebretta. Det gjer dei også, på dei manglebretta som er prega av laugskulsten, og det er store mengder av dei med rik plastisk figurstil og ornamentikk. Men karveskuden går sine eige vegar, og uavhengig av renessansens dominerande mestilstilar pinnheld den på arven fra mellomalderen. Den lever sitt liv bakom bykulturen.

Eit tyngdepunkt får skurden i Slesvig-området. Dette er nokså merkeg, for nett i dette stroket er det ei mengd mangletre med glimrande figurskurd i renessanse og barokk. Det er nok å minna om at Eckernförde har ein rik treskjærarskule som dominerer laugskulsten i området. Nå ser det ut til at det er først i 1690-åra at karveskuden for alvor skytt vekst her, sjølv om det finst mangletre med karveskurd som slengarar frå tidlegare tider også, frå åra 1601, 1650, 1663, 1675, 1686, 1694 og 1699, men der er ingen tidleg tyngde, slik som vi merkar den i det typiske vestfrisiske området i Holland.

Dannmark ser også ut til å vera seinare. Tyngden av mangletre med karveskurd kjem først etter år 1700. Rett nok hører vi om ei rettsak i 1637 mot «Gullsmed Peder Frellersen af Slagelse» der det går fram at han hadde slege motparten med eit mangletre, men det står ingen ting om korleis brettet såg ut.<sup>5</sup> Det eldste er datert 1633.<sup>6</sup> Eg har hatt høve til å registrera 320 mangletre med karveskurd i danske muse og mellom dei var det berre 2 frå 1680-åra og 2 frå 1690-åra.<sup>7</sup>

Sett vi opp ein tabell for dei danske mangletretra som er undersøkte i samband med denne oppgåva, ser den slik ut, rekna i tiårsperioder: 1700—1710: 6 stk., 1710—1720: 5 stk., 1720—1730: 10 stk., 1730—1740: 5 stk., 1740—1750: 9 stk., 1750—1760: 22 stk., 1760—1770: 14 stk., 1770—1780: 30 stk., 1780—1790: 25 stk., 1790—1800: 24 stk., 1800—1810: 32 stk., 1810—1820: 11 stk.

Dette materialet syner at 1700-åra er den store tida for karveskurdene i Danmark. Vyrket er stor sett bøk, men eit og anna er også skore i eik. Sett vi opp ein liknande tabell for dei norske mangletrea som er laga av bøk med karveskurd på, får vi eit interessant oversyn, og med visse



Fig. 9. Masverksrose. (NF 2156-21.)

unnatak, som vel har si årsak i serlege norske tilhøve, fylgjest dei totabellane. I Norge har vi mangleblett av bøk daterte 1666, 1671, 1674, 1688, 1690, 1690, 1690, 1690.<sup>8</sup> Fra 1700—1710: 1 stk., 1710—1720: 12 stk., 1720—1730: 2 stk., 1730—1740: 0 stk., 1740—1750: 7 stk., 1750—1760: 8 stk., 1760—1770: 8 stk., 1770—1780: 14 stk., 1780—1790: 13 stk., 1790—1800: 13 stk., 1800—1810: 2 stk., (dat. 1801 og 1806), 1810—1820: 3 stk., (dat. 1811, 1814 og 1816), etter 1820 berre 3 stk. Dessuten er der 28 som er udaterete.

Den fylldige mengden av daterte stykke frå andre helvta av 1700-åra er den same. Det er her toppen ligg. Påfallande er det at det finst så få stykke frå 1720- og 1730-åra her i landet. Det kan tenkast at det har si årsak i det at tidene her i landet var nokså penible då det vesle blaffer etter den store nordiske krigen var forbi. Skal vi i det brå fallsette 1800 sjå en refleks av fastlandssperring og Napoleonskrigar, og er det fylgjene av opploysing av unionen med Danmark som syner seg? Når det gjeld norskлага mangletre av bjørk og furu er der ikkje noko slikt

fall etter år 1800. Materialer er for lite til å byggja på, men det støer opp under tanken om at vi har med importsaker å gjera.

Manglebretta våre av bøketrø peikar mot Danmark-Slesvig. Dei eldre frisiske manglebretta har ikke hald. Dei er berre rett og slett ei flat fijol, og i den nedre enden er det teke ut spor som ser ut til å vera laga for å gi festa for fingrane på den handa som skyv. Frammi enden av manglebretta i frisisk område er det til vanleg ei kroning av 3—6 sirkelforma skiver (fig. 2). Det er berre eit par slike i det norske materialet som her samla, og vi kan sjå heilt vekk frå Holland når det gjeld denne gruppa. Det er merkeleg når vi tenker på kor sterkt sambandet med Holland var i 1700-åra, men dette tilfanget speglar ikkje på nokon måte av denne kulturpåverknaden som ein kunne vente.

I Danmark og Slesvigområdet finn vi derimot mangletre av heilt ut same type som dei vi finn i Norge. Dei har same storleik, dei har same ornamentikk og er laga av same treslag. Og det som bind dei saman til ei gruppe, er det at dei har eit hald forma som ein hest. Nå sleng det ein og annan hesten elles også på nordeuropeiske mangletre, men dei er meir sjeldsynt. Hestane er oftaast skorne ut i eitt med det trestrykket dei står på, og trestrykket har ein fas langs sidene som høver til eit spor i manglebrettet. Hestane kan skyvast inn i breittet attanfrå. Over heile Jylland og ned i Slesvig er hestane mykje festa på denne måten. Det hender dei er festa med naglar nedanfrå og opp i føtene på hesten, men det er vanlegare i dei tilstoytande distrikta.

Vi kunne altså koncentrera oss om Jylland og Slesvig, skal vi finna kvar våre mangletere er komme frå. Det vil føra litt vidt å leggja fram eit detaljert oversyn over dei einskilde ornamentmotiva og korleis dei er samansette. Plassen tillet ikkje det. Vi kan festa oss ved eit par motiv som er nokså vanlege på mangletreia av bok her i landet, men som er sjeldsynt i Danmark. Den figuren som eg, i mangel av noko betre namn, har kalla for krullerosa, finn vi i søre luten av Danmark og nedover mot Slesvig. Den finst også på dei «norske» mangletreia av bok, men er ellers sjeldan i Danmark. Det er interessant at ein slik detalj som den å skjera hjarto i krullane på rosa finst på dei krullerosene vi har i Norge nett på same vis som dei ein kjänner fra Ribe og soretreter (fig. 10). Same ornamentet er elles nytt vestover, men der er mangletreia av eit anna slag. Noko av det same gjeld den innskrivne firkanten. Den er vanleg i Flensburgdistriket, men er elles lite nyta på mangletre av denne typen. At Olavsrosa er serleg vanleg i dette stroker, vanlegare enn elles, høver også




Fig. 19. Krullerosa. (NF 691-48.)

godt. Skal vi våga å pressa litt på materialer, så kjem vi til at desse mangletreia er importasjer frå søre luten av Jylland eller Slesvig-stroka. Det er ikkje heller rimelag at det nordlegare skogsnære Jylland skulle kunna produsera treskursaker for eksport. Det kunne vera tale om Randersgegnen, som har drive med mykje arbeid i tre, men det høver ikkje så heilt godt med den lokale utforminga av manglebrettornamen-tikken.

Men korleis kan nå mangletreia vera komme hit opp til Norge? Skute-handelen frå Sørlandet til Jylland må ha vore ein av grunnen. Med små skuter sigla nordmennene frå Sørlandsstykket til Jylland med ymse varer og bytta til seg slikt dei kunne ha bruk for. Frå fyrt av var det mest berre nordmenn, men i andre helvita av 1600-åra tok også danskanne til å sigla på norskekysten.<sup>9</sup> Temmer var den viktigaste salsvare for oss, men

det var og mangt anna dei kunne sēja. Nordmennene selde t. d. hummar, østers, tretraug o. a. og kjøpte heim korn, smør, gryn og egg. Ar tanken på å selja husflidsaker ikkje var framand, går fram av ei skildring Johan Skjoldborg gir av det danske kallar Nordstrandshandel.<sup>10</sup> Den handlar om krigen 1807—14: «Nordmændene vare jo i Nød for Brød-korn og Sul, og de kom her over, ofte i smaa Baade, der kun kunde bære faa Tørnder Korn, og ruske med Bønderne, hvor de landede. De gav Husflidsgenstande, brugte Møbler, Uhre, Kakkelovne i Bytte for Korn og Flæsk. I Borup i Kollerup Sogn var der en Gaardmand, der samlede Æg, Smør og Korn i mindre Stil til at bytte med Nordmændene. Der var to Nordmænd der for ca. 60 Aar siden (det må vel ha vore ikring 1830) i flere Aar stadig kom til Svinkløv ved Slettestrand i aaben Baad i September og Oktober Maaned. De nedførte Kurve, bundne af Vidje, «Tejner» og Kakkelovne som Byttremiddel.» C. Klirgaard fortel også om at dei under krigen 1807—14 bytte bort «Klær, Sølvtoj, Husgeraad o. a.» mot korn.<sup>11</sup>

Det har ikkje vore råd å finna noko om at det vart tuskhandel med mangltere, men tanken ligg svært næر. Men korleis kunne dei sønderjyd-ske manglebretta koma opp til dei nordlege delane av Jylland? I «Den sorte Jyde» fortel Hugo Matthiessen så levande om korleis folket kridde for livet i seigt arbeid og slit.<sup>12</sup> I Nordjylland spøta folk sokkar o. a. til sal. Miljøet kjenner vi frå Steen Steensens Blicher «E Bindstouw». Dess-utan ol dei opp krøter for sal. Store stutedrifter drog seg nedetter den gamle kongevegen gjennom Jylland til Tyskland, og der selde dei vel også mykje av spøtet. Nå er jyden ein treisk kar til å handla og det er ingen urimeleg tanke at han kjøpte med seg ein bunt mangltere når han skulle nedetter att. Dei var ikkje så tunge å bera. Dette får førebels vera ein hypotese. Den peikar på ein av måtane mangltere kan ha komme nedetter. Noko spor er det ikkje.

I Norge er så skurden på mangltere vorten kopiert. Her er menger av mangltere laga av bjørk der dekoren tydeleg er ei etterlikning av den på sønderjydske mangltere. Harry Ferr har drøfta karveskurdstilen på mangltere,<sup>13</sup> og seinare har Haakon Shetelig skrive om karveskurdens på Vestlandet.<sup>14</sup> Det går ikkje så heilt klårt fram at det er ein ny karveskurd som kjem hit til landet ikring år 1700. Dei gamle ornamenta, som truleg var av magisk art, hadde levd i eit slag blanding av karveskurd og linerissing oppetter til denne tida, men det var som om isolasjonen hadde gjort forma veikare (fig. 2). Nå vert denne «frihandsteikninga» skoven

i bakgrunnen, og den nye stilens krev meir bruk av passar og linjal og stutte skarpe snitt. Dei geometriske figurane er skjellett i ornamentikken, og flatene mellom dei vert fyldt ut med skarpe snitt som lagar vifter og palmettar. Det er ikkje berre på mangltere vi finn denne stilten, den er også på andre ting som skrin, kister, ymse reiskap og mobler. Det er naturlegvis ikkje slik at all den norske karveskurdens som er påverka av den frisiske karveskurdens fra 1600-åra, går attende på dei importerte manglebretta. Ei form som t. d. palmetten på setedsalskistene, kan gå attende på andre føredøme, men det kan ikkje vera tvil om at den er forma ut slik at den er i slekt med karveskurdstilen vi finn på mangl-bretta.

Vår det byfolk eller bygdefolk som brukte desse mangltereia? Der er ein heil del mangltere som avgjort er laga av treskjerrar i byane, og sik-kest for borgarar. Manglebretta med karveskurd har nok også i ganske stor utstrekning vore nyta av byfolk. Men bredda er ikkje laga av laugs-folk i byane, dei har meir av landsbypreget over seg. Mange av innbyggjarane i Sørlandsbyane har sikkert hatt slike mangltere, men skurehandelen gjer at vi også må tenke oss at bønder har kjøpt seg slike.

Det ser ut til at mangltereia mykje har vore gåvor frå festarmann til kjæresten. Mange av innskriftene syner døme på det, og tradisjonen fortel det også. Alt Harry Ferr har vore merksam på dette,<sup>15</sup> og sitter denne innskrift på eit mangltere frå Hadeland: «1744 den 20 November skar jeg ud denne Fiel. Det var i den Tid jeg Anne Hansdatter feste.» Og på same måten var det i andre land også.

Eit mangltere i Flensburg Museum (nr. 1128/1904) har denne inn-skrifta: «MEIN HERTZ DEIN HERTZ EIN HERTZ» og på eit manglebrett som er datert så tidleg som 1655 (nr. 14194 i Hjørring Museum) tek ei lengre innskrift til med: «FRIEND IN DER NOET FRIEND IN DER DOEDT ...» I H. Thausens hus i Ribe er eit mangl-tere datert 1821, og om det fortelst det at det vart skore «i Halstrup Sogn Skikkar i samband med truloving og giftarmål lokkar fram teoriar om den magiske tyding dei monne ha. Gutorm Gjessing legg vekt på at mangltere er festargåvor og skriv: «Trolig hører hesten på mangletrerne også inn i denne fruktbarhetsmagis,» og han meiner at då mangltereia vart vanlege på bygdene, forma bygdefolket handtaket om til ein hest.



Fig. 11. Mangletrehest med karveskurd. (NF 1393-21.)

«Men rundt i bygdene levde folketrua sterke, og etterhvert formet håndtaket seg til en hest — frukbarhetshesten.»<sup>15</sup> Dersom Gutorm Gjessings syn er rett, må det vera viktig å røkjå etter kvar hesten kjem i bruk på mangletreet. Men Gjessing seier ikkje noko om kvar hesten trengjer bort det vanlege renessansehaldet. Dette var forma som ein bøyle, og dersom det var figurpryda, var det gjerne forma som engel, karyatide, havfrue eller liknande, men aldri som hest. Nå må hesten på mangletreet vera forma ut ein stad der breta hadde hald. Diverre kjenner eg ikkje det svenske mangletrematerialet, og dette vert liggjande som ein usikker faktor.<sup>16</sup> Dei stroka som elles kan koma på tale, er Nordtyskland, Danmark og Norge. I Tyskland er der ikkje så mange mangletre med hestehald, og det er berre i Slesvig og Flensburg ein finn nokre verkeleg gamle. Nå er det den vansken med hestehalda at dei går så lett sund, og det er uråd å sjå om haldet opphaveleg har vore hest eller ikkje. Slik er det t. d. med eit manglebrett datert 1728 fra Nordfriesland (Narionalmus. Kbh. 130/r898). Haldet har vorte slege av, og eit nytt hald er laga i form av ein hest. Før år 1740 kjenner eg berre 6 tyske mangletre med hest, og dei er fra Slesvig og Flensburg. Dei er daterte 1701, 1719, 1722, 1730, 1731 og 1739.<sup>17</sup> I Danmark derimot er hesten vanleg, serieg i Jylland. Men sjølv der




Fig. 12. Mangletrehest med karveskurd. (NF 771-23.)

er mangletre med hestehald seldsynte før 1700. Den eldste hesten eg har sett, er datert 1688. Den er frå Fyn (Narionalmus. Kbh. 507—1943), og hesten er sterkt stilisert. Den har karveskurd med rosett på sida og verkar ophavleg. Fra 1689 er eit mangletre i H. Thausens hus i Ribe, og det har halldet forma som ein hest. Før år 1740 kjenner eg berre 16 danske manglebrett med hestehald. Etter denne tida vart hesten vanleg. Dei danske hestefigurane frå denne tidlege perioden er av 3 skilde slag. Den eine typen er den stiliserte hesten som er pynta med karveskurd. (Svarer til fig. 11 og 12). Den verkar avgjort alderdomleg. Hovudet er ofte så sterkt stilisert at det i grunnen er den kraftige nakkebogen som gir det sikraste haldepunktet for at det verkeleg skal vera ein hest. Føtene er berre to støtter som ber hestekroppen. Det er ikkje gjort nokon freistnad på å skjera ut sjølve hesteleggen. Den andre typen er meir eller mindre stilisert, men heller ikkje der er hesteføtene anna enn to støtter, men denne typen har ikkje karveskurddekor (fig. 14). Den tredje gruppa er meir naturalistisk, og her er hesteføtene skorne i relief på støttene (fig. 13). Den eldste hesten av denne typen eg har sett i Danmark, er datert 1713. Det er denne siste typen som er vanlegast på dei mangletrea av bok med karveskurd som vi finn i Norge. Elles er denne siste typen uvanleg på heimelaga norske manglebrett.



Fig. 13. Mangletrehest, naturalistisk med føter i relief. (NF 508-10.)

Korleis er det nå med hesten på dei norske mangletrea? Kjem han før eller seinare enn i Danmark? Det er vanskeleg å svara på. Vi kan berre byggja på dei mangletrea som er att av alle som ein gong var. Skulle vi døma etter det materialet som ennå finst, så ville vi vera først ute i Norge. Det er 11 manglere med hestehald her frå tida før 1700. Det eldste er datert 1666 (NF. 279—99) frå Porsgrunn og eitt datert 1671 (NF. 142—28) frå Våle i Vestfold. Men både desse to og eitt vera importsaker. Dei andre er av bjørk og eik, og dei er truleg laga her i landet i 1680- og 1690-åra. Sume av dei kan ha fått haldet sett i sennare. Det er uråd å avgjera det, men så vanleg som hesten blir her i landet frå den tida, er det ingen ting i vegn for at dei kan vera opphavlege. Frå første 10-året av 1700-åra har eg berre funne eitt manglere med hestehald. Det er datert 1700 og vistnok laga av apaltre. (NF. 894—06). Derimot er det heile 14 med hestehald frå andre 10-året av 1700-åra, og 8 av dei er av bøk.

Materialet er for lite til at vi kan avgjera kjem fyrst som hold på mangletrea. Men vi kan sjå etter om hesten er nyttå på andre tre-saker. Det er nokre kar som folk nyttar til å drikka øl av før, dei har to




Fig. 14. Mangletrehest, halvnaturalistisk. (NF 490-18.)

hald som ofte er forma ut som hestehovud. «Kjenger» plar ein kalla dei, og dei er serleg vanlege på Vestlandet (fig. 15). Men står vi her overfor ein norsk tradisjon som er eldre enn den hesten på mangletrea representerer? Det skal versta vondt å finne prov for at kjenghesten er eldre. Der er rettnok ei kjenge datert 1612 i Bergens museum (1891—14). Den er fra Nordhordland, men årstallet ser nyt ut, og ingen av dei andre når på langt nær den alderen. Hestehovuda på denne kjenga har skjølpsnitt (naglesnitt kallar sume det) og denne dekorasjonsteknikken vert nå heller ikkje vanleg før ut i midten av 1600-åra. Den eldste sikkert daterete kjenga med hestehovud på er i Bergens Museum (Bd. 4327) og den ber denne innskrifta: «DRIG AF MIG DIN LØST OG SETTIL GUD DIN TERØST ANO 1669.» I Bergens Museum er ei med runer på datert 1710 (Bd. 4385), og ei meir tvilsam som er datert 1683 (Bd. 4327). Det som er serleg interessant, er den tingan at desse tidlege kjengene har nett det same hovudet som vi finn på mangletrehesten med karveskurd (fig. 16). Endå til karveskurdrossetten finn vi att. Hovudmengda av kjenger med hestehovud til hånd finn vi i andre helvta av 1700-talet og fyrtse helvta av 1800-åra, men hovuda vert stendig meir naturalistiske i formen.



Fig. 15. Hestehald på kjenge. (NF 354-96.)

Det finst ikkje kjenger frå mellomaldertradisjon, der halder er forma som desse hestehovuda. Det er draken som er nytta til pynt på dei. Hadde vore berre få kjenger med mellomalderpreg, ville vi lett kunne tenkja oss at dei med hestehovud går attende på eit tapt materiale. Men der er så pass mange kjenger frå eldre tid at det vil vera altfor vågalt å dra ein slik slutning. Rikard Berge<sup>18</sup> nemner ei kjenge frå Haukelid, Vinje i Telemark med avgjort mellomalderpreg, og meiner at dyrehovudet på den er hest. Det er mogeleg, men hestekarakteren er utvissa, og hovudet minner meir om eit rovdyr eller ein drake. Koreis det nå er med denne siste kjenga, anten det er hestehovud eller ei som kronar haldet, så er det så ulikt dei hestehovuda vi finn på dei yngre kjengene, at vi ikkje kan tenkja oss ei isolert utvikling frå Haukelidkjenga til dei seinare. Haakon




Fig. 16. Hestehald på mangiere. (NF 314-22.)

Shetelig har avbilda ei kjenge i Bergens Museum (Bd. 4327) med hestehovud og har datert den til 1600-åra på grunn av den gotiske ranken den er dekorert med.<sup>14</sup> Denne ranken er vanleg på våre bondeokser frå 1621 og utetter til noko etter midten av århundraåret, og vi finn den på skrin frå slutten av 1600-åra, derfor gir den ikkje prov for norsk tradisjon.

Skal vi våga å dra nokon konklusjon av dette, må den verra at der hestehovudet som vi finn på dei yngre kjengene kan gå attende til ein impuls som er komnen utanfrå, og det har funne sin plass på kjengene avdi det fann dyrehovud der før. Tradisjonen er dyrehovud, men det vil vera å pressa materialet å sia at folk oppfatta det tradisjonsprega drakehovudet som hestehovud.




Fig. 17. Lagga kjenge. (NF 90-34) Truleg er hesteforma utvikla av kjenger med lok (jfr. fig. 18).

Dei lagga kjengene, dei som i litteraturen ofte vert kalla staup, har ofte hald med tydelege hestenakkar, og dei er då sterkt stiliserte (fig. 17). Der er ein reising og ei lindeføring over desse halda som set dei mellom det beste vår folkekunst har skapt. Men er denne hesten på dei lagga kjengene gammal og er det opphavleg ein hest? Ei slik kjenge i Bergens Museum (Bd. 1599) er datert 1725 og er komme fra Balestrand i Sogn. Ei anna frå Sunnfjord med mindre tydeleg hestenakke (x. 152.69) er datert 1724. Dei best forma hestehalda på lagga kjenger er frå andre helvira av 1700-åra, og så vidt eg veit, er det ingen lagga kjenger med hestehald som vi sikkert kan seia er frå 1600-åra. Ser vi nærmare etter på hestenakken, og

40




Fig. 18. Lagga kjenge med lok. (NF 731-23.) Augo på kjenger lik fig. 17 svarar til akseen som loket sviv om, og øyra er stopparen for loket.

samanliknar han med haldet på ei kunne med lok, så kan vi vel vanskeleg sjå bort frå at det er lokkhaldet som er opphavet til hesten på dei lagga kjengene. Stopparen for loket er vorte hestøyro, og der pluggen sat, som loket har svive om, der er augo på hesten kome (fig. 18).

Sikker tradisjon har vi derimot i dei krosslagde husbrandane frå Telemark og Voss. Dei er nerast forma som voluttar. Kristoffer Visted reknar tradisjonen attende til dei krosslagde tjeldvindskiene med dyrehovud frå Gokstadskipet.<sup>19</sup> Sikkert med rette oppfattar Rikard Berge desse husbrandane som hestar.<sup>18</sup> Men desse husbrandane fortel berre at der har vore ein tradisjon der hesten har spela ei sterk rolle. Den formen bestem



Fig. 19. «Herdrahm» med hestehovud. (Foto Niedersächs. Heimatmuseum, Hannover.)

har, er derimot så stilisert at det kan korkje ha vore førebilete for hesten på mangletrect eller hestehovudet på ølkjenga.

Endeleg har vi den hestenakknen som tøyer seg ut av «giøya», den stokken som held skjerdingen over åren i setesdalshusa. Her verkar hesten umåteleg alderdomlig (fig. 20). Den set fantasiens i sving og manar fram den gløyende fruktbarhetsguden, Frøyfaksen med villskap og sterke lender. Og fantasiens får næring av David Görrison Klins oppteikning av den skikken dei hadde i Setesdal på den tida han levde der, at brudgommen hogg med sverd i giøya. «Hevie me han te buonde, so hevie me han te buonde, sier Brudgomsmedene tre gange, naar de lige saa ofte løftte hannem op imellom sig, at hand, nemlig Brudgommen, skal med een sponse-bui eller værie hugge tre hug, for huer gang de løfter hannem op, udi Gienjen, uanseeht han kunde vell naa till at huge foruden deris Løftning mens god maade og sæ : gammel vaane og stick :/ skal han endelig hafue til sin Dannemanns indtredelse, Derefore kaldis




Fig. 20. Goya i Kjellebergstua fra Valle i Setesdal, nå på Norsk Folkemuseum.

disse hug ogsaa Buonde-hug, Damands-hug, eller Giengs-hug . . .» Klim var skrivar i Råbygdela fra 1672—1677.<sup>20</sup>

Giøya tyder rett og slett galge, og der er ingen ting som provar at hesten spelar nokor primær rolle i samband med den skikken Klim fortel om. I det heile ler det til at gjøya med hestehovud har vore like utbreidd her i landet. Berre i øvre deler av Setesdal kan vi nå finna at ho har vore nyttta. Heilt sikre kan vi ikkje vera på at hestehovudet var så utgamt på gjøya i Setesdal på Klims tid heller. Det kan vera ein impuls som er kome utanfrå. At ein finn dyrehovud på heimesmidde eldjarn, slik Rikard Berge fortel, kan tyda på at hesten kan ha vore fast knytt til åren, men Berge nemner ikkje kvar han har sett slike. Sjølv har eg sett eit jarn til å swinga ut gryta med, der enden på jarret var forma som hesten på gjøya. Dette jarret, som nå er på Mostun ved Stavanger, kom fra Guggedal i Suldal. Det var ein dal der sebyggen jamt drog igjennom, og det kan vera påverknad derifrå. Andre stader i landet

er det også «gjøe»-liknande strokkar, men dei har ikkje hestehovud eller nakke.

Derimot finn vi i Nordtyskland ei mengd «gjøyer» med hestenakke og hovud av same slaget som i Setesdal (fig. 19). «Herdenschlitten» eller «Rähm» kallar dei det der. Dei er serleg vanlege i dei stroka der det store nedersachsiske huset er utbreiddt. Konstruksjonen er ikkje den same som i Setesdal, der gjøya er ein stokk til å svinga ut. I Nordtyskland er det som ein slede skjerdingen heng i, og hestane opptrer parvis. Desse råhmane reknar tyskarane for å vera urgamle.<sup>21</sup> I Waterländisches Museum, Celle, såg eg ein slig «Rähm» med hestehovud frå eit hus ved Fallinge-bostel og det var datert 1572, og i Bad Zwischenahn ved Oldenburg var ein liknande «Rähm» datert 1651. Det kan tenkjaast at sebyggjer har sett slike og etterlikna dei.

I det sachsiske området i Nordtyskland er i det heile hesten eit vanleg dyr i folkekunsten. Interessant er det å sjå korleis krosslagde brandar med hestehovud fylgjer den sachsiske garden (fig. 21). Der er ei mengd døme på slike.<sup>22</sup> Det vil føre for langt å gå inn på dei ymse drøftingane av opphavet til desse hestane som forskarar fører attende til hedensk tid. Alarich Augustin hevdar at vi i brandane har å gjera med stammeteikn.<sup>23</sup> Rettnok finn vi hesteforma brandar også austover inn i russisk område, men det er i det nedersachsiske området vi finn hesten vanleg i treskurdene. Om vi skal rekna dyrehovuda på dei danske bogtrea som hestar eller drakar, er ikkje lett å avgjera, og det er vel best å sjå bort frå dette i denne sammenhengen.

All den stund hesten er så levande som motiv i det nedersachsiske området, er det ingen urimelig tanke at hesten på mangletreet først dukkar opp i tilknyting til dette. Den sachsiske gården nær like opp mot den sønderjyske grensa. Sikkert er det berre at den stiliserte hesten med karveskurd breider seg i 1600-åra på same viset som karveskurdene. Det er ein kulturstraum som går bakhom laugskulsten, og den har si rot i tradisjonen. Vel er tradisjonen hjå oss broten stort sett. Men vi veit at hesten har vori heilagd dyr her i landet. Gutorm Gjessing har samla eit imponeande tilfang om dette.<sup>24</sup> Gjøya i Setesdal og hestrane på «Rähmen» i Tyskland, hestehovuda på dei krosslagde brandane både i Norge og Tyskland må henga saman på ei eller onnor vis. Er ikkje gjøya i yngre tid teken oppatt som etterlikning av den nedersachsiske «Rähm», må vi langt attende for å finna tilhøve den kunne spreia seg under, og i så fall ber både den og brandane viktige vitnemål om ein førkristen kultur-

fellesskap. Så sterkt har denne kulturen vore, at den lever sitt liv i hunderår av år i skuggen av kristendommen, for så plurseg å få ein veldig ekspansjon i 16–1700-åra. Lat gå at den nå ikkje er borene av nokon religiøst innhald. Det er lite som talar for at den vesle folen på mangletrea er nokon «fruktbarhershest». Han lytt forebels noya seg med å vera eit døme på ei form, eir stildrag, som spreier seg i den kulturen som spener over område bakom byane, ein kultur der laugskunstens mestestilar ofte berre er overflatefenomen, medan arven frå forne slekter rår i dei djupare laga.

SVEIN MOLAUG




Fig. 21. Husbrandar frå Rössing, sør for Hannover. (Foto Niedersächs. Heimatmuseum, Hannover.)

## ZUSAMMENFASSUNG

Die Frage wird untersucht, ob es in der Volkskunst möglich ist, dass die Kulturrepulse sich über grosse Distanzen verbreiten können, ohne durch die Städte vermittelt zu werden. Um diese Frage besser beleuchten zu können, ist als Diskussionsmaterial eine bestimmte Gruppe Mangelbretter, die mit Kerbschnittornamenten und Pferdegriffen dekoriert sind, gewählt worden. Diese Mangelbretter gehören nicht zu den zunftmässigen Produkten der Handwerkskultur in den Städten. Sie tragen mehr das Gepräge der Dorfkultur.

In südnorwegischen Museen befinden sich 114 solche Mangelbretter, die aus Buchenholz gemacht sind. Buchen sind in Norwegen verhältnismässig selten, die Ornamentik schliesst sich nicht natürlich an die der anderen norwegischen Holzarbeiten an, und die Inschrifffänder zeigen, dass der Käufer den Schnitzer der Mangelbretter nicht gekannt hat. Aus diesen drei Gründen müssen diese Mangelbretter in Norwegen importiert sein. Die grossen Ähnlichkeiten mit süddänischen und schleswigschen Mangelbrettern deuten darauf hin, dass man die norwegischen Mangelbretter aus diesen Gegenden herleiten können.

Die besondere Kerbschnittornamentik hatte sich von westfriesischen Gegenden am Ende des 16. Jahrhunderts ostwärts ausgebreitet. Woher stammt dann das Pferdegriffe? Finden wir nicht auf den friesischen Mangelbrettern. In den skandinavischen Ländern sind sie gewöhnlich, und in den nördlichsten Gegenden Deutschlands finden wir auch einige. Man hat behauptet dass dieses Pferd im Aberglauben mit der Fruchtbarkeitsmagie verknüpft sei, und dass also die alte, vorchristliche Vorstellung vom Pferd als fruchtbareitstimmulierendes Wesen in diesen Griffen auf den Mangelbrettern weiterlebe. In Norwegen kann man die Pferdegriffe bis zur zweiten Hälfte des 17. Jahrhunderts zurück verfolgen, ebenso in Dänemark. Wo ist aber die Pferdetradition so lebendig, dass sie die Ausstattung eines so neuen Gerätes wie das Mangelbrett beeinflussen könnte? In Norwegen finden wir Pferdeköpfe auf Trinkgeräten. Diese lassen sich jedoch nicht länger zurück verfolgen als die Mangelbretter, und mögen von diesen beeinflusst sein. Im sächsischen Gebiet ist das Pferd dagegen als Hofgriebelzeichen weitverbreiter und es ist auch gewöhnlich auf dem Herdrämm ausgeschnitten. Die als Pferde gestalteten Hofgriebelzeichen und Kesselhalter, die man verhältnismässig selten in Norwegen findet, mögen auch auf einen Einfluss aus sächsischem Gebiet seit dem 16. Jahrhundert hinweisen. Wenn dies nicht der Fall ist, müssen die beiden Gebiete unabhängig voneinander die Tradition einer vorchristlichen Gemeinschaftskultur bewahrt haben. Die Pferdeköpfe des Zeltes im Gokstadsschiff erzählen von dem Alter. Doch ist in Norwegen die Tradition so schwach gewesen, dass das Pferd auf den Mangelbrettern sich schwerlich von diesem Lande ausgebreitet haben kann. Das Pferd ist aufs neue mit importierten Mangelbrettern nach Norwegen gekommen, und hat sich dann in Nachahmungen ausgebreitet.

Das Material zeigt dass sich der Kerbschnitt vom westfriesischen Gebiet aus verschiedenster Pferdetradition verbündet, und sich weiter nordwärts verbreitet. In Norwegen wurden solche Mangelbretter wieder nachgeahmt. Man kann von einer Hinterlandskultur sprechen, die sich um die ganze Nordsee ausgebreitet hat, und zwar unabhängig vom städtischen Modestil.




Fig. 21. Krosslagde brandar med hestehovud på nedersachsisk bondehus. Wiek a. d.  
Dars. Etter Deutsche Volkskunst. B. XI. Pommern.

Niels Georg Heine: Manglebret og Folkekunst. Fra Nationalmuseets Arbejdsmark, København 1946 s. 73.

Einar Lexow: Hovedlinier i entrelacornamentikkens historie. Bergens Museums Årbok 1921—22. Hist. antikv. rekke.


Ove Arbo Høeg: Bøken i Norge. Tidsskrift for Skogbuk 1924 s. 61—81, 148—171, 242—253, og Jens Holmboe: Planter og selvsaað bok. Natur 1925 s. 66—182. Kbh. Nationalmus. 201: 1894 frå Husumegn. dat. 1663; Flensburg mus. 1927. 1892—93 dat. 1601; Flensburg mus. 1113 dat. 1650; Flensburg mus. 1334. 20/1904; Flensburg mus. 1234. 1904 dat. 1686; Flensburg mus. 2396/96—97, dat. 1699; Flensburg mus. u. nr. dat. 1694.

Helge Søgaard: Et mangiebret fra Öland. Aarbog for købstadmuseet «Den gamle by», 1947 s. 36.

Jørgen Olink: Folkekunst i Danmark. Nordisk Kultur, Kunst. Oslo 1931 s. 431, fig. 8.

Kbh. Nationalmus. L. 6028, 507—1943 datert 1688; Kbh. Nationalmus. u. st. dat. 1697; Ribe, H. Thausens Hus 984 dat. 1683; Vejle Mus. dat. 1664.

Norsk Folkemus. 143—97 dat. 1641, har truleg falsk årstal; i Norsk Folkemus.



- vidare: 279—99 dat. 1666, 142—28 dat. 1671, 292—26 dat. 1690. I Historisk mus., Bergens Universitet, desse: 2864 dat. 1658, Bd. 2922 dat. 1690, Bd. 2871 dat. 1691; i Stavanger mus. 4830 dat. 1690; I Grimaldmuseet sitt datert 1674.
- 9 Nils P. Vigeland: Danmarksfarten fra Sørlandet. Oslo 1936.
- 10 Johan Skjoldborg: Nordstrandshandel. Samlinger til Jydske Historie og Topografi,
2. Række IV Bind, Aalborg 1893—95 s. 428.
- 11 C. Kiltgaard: Efterretninger om Studie-og Strandhandelen paa Vestkysten af Vendsyssel. Samlinger til Jydske Historie og Topografi, 3 Række I Bind, Aalborg 1896—98.
- 12 Hugo Matthiessen: Den sorte Jyde. Kbh. 1939.
- 13 Harry Fert: Yngre norsk folkekornamentik paa manglertrær. Kra. 1903 s. 10 ff.
- 14 Haakon Shetelig: Karveskurd paa Vestlandet. Bergens Museums Aarbok 1913 nr. 9.
- 15 Gutorm Gjessing: Hesten i førhistorisk kunst og kultur. Viking. Tidsskr. for norrøn arkæologi. Oslo 1943.
- 16 Eg har heller ikke hatt høve til å registrere det norske materialet i Nordiska museet, Stockholm.
- 17 Historisk mus., Bergens Universitet, x. 119-89 fra Nordslesvig, dat. 1701; Kbh. Nationalmus. 1301898 fra Nordfriesland dat. 1728, men hesten er nyare; 128/1898 fra Niebüllgen dat. 1731; I Flensburg Mus.: 1282 dat. 1722, 1256/1904 dat. 1719 og 2980 1900/01 dat. 1730; I Schloss Gottorp, Schleswig, 1927—99 dat. 1739.
- 18 Rikard Berge: Husgudar i Noreg. Risør 1921.
- 19 Kristoffer Visted: Vor gamle Bondekultur. Kra. 1923 s. 32 og fig. 19, 20.
- 20 Dette er sitert etter Ola Bøs artigjeving i artikkelen: Folkerradisjon i Setesdal. Norges tidsskrift for folkelivsgransking. Bd. II s. 240.
- 21 Oskar von Zaborsky-Wahlstätten: Urväter-Erbe in deutscher Volkskunst. Leipzig 1936 s. 293.
- 22 Alarich Augustin: Germanische Sinnbilder als Hortgabelzeichen. Berlin-Dahlem 1942 s. 44 ff.

## GRINDABYGDE

## UTHUS OMKRING MUNDHEIM

MUNDHEIMSTUNET på Norsk Folkemuseum viser en klynge gode og representative vestlandshus. Men som det står i dag, er det ikke noe helt tunc, for uthusene ble stående igjen i Hardanger den gang da museet i 1925 flyttet stovehus, stabbur, «bu og loft» og eldhus til Bygdøy.

Underskrevne ble våren 1953 bedt om å reise i bygdene omkring Mundheim og lete fram gamle uthus som kunne høve i Mundheimstunet. Det ble en morsom og givende tur, både fordi uthusene var typologisk interessante og fordi flere av dem hadde meget å fortelle om arbeidslivet på garden.

*Mundheimstunet* kommer fra garden Nes (gnr. 11) i Varaldsøy herred, nær Mundheim i Hardanger. I dag er Mundheim et knutepunkt for trafikken mellom Bergen og ytre Hardanger og indre Sunnhordland. Bilde: Mange hus på hver gard — hvert hus sin funksjon. På Bakka i Hålandsdal bor det en familie. Ursikt sørover gjennom Mundheimsdalen.